

Merknadsskjema – planoppstart / offentlig ettersyn av forslag til planprogram

Forslagsstillar sine kommentarar til merknader og fråsegner

Plannavn	KOPPERSEVJA, 4633 FEDJE KOMMUNE
Arealplan-ID	4633 202001
Saksnummer	Fedje kommune
Utarbeidet av	ARTEC AS v/Rune Tangen
Sist revidert	10.07.20


Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/fråsegn	Forslagsstillar sine foreløpige kommentarar
1	<p><u>Private merknader:</u></p> <p>Gbnr 168/3</p> <p>Eivind Hansen, Fossekallveien 7E, 3212 SANDEFJORD E: heivind@yahoo.no Mobil:464 59 740</p> <p>e-post-melding 1.3.2020</p>	<ol style="list-style-type: none"> adkomstrett gbnr 168/3 med felles avkjørsle til FV423. næringsvirksomhet knyttet til utbygging av båtplasser og i noen grad også naust/hyttenaust og anlegg knyttet til slik utnytting. Vi ser det selvsagt som svært interessant at PRIMÆRFORMÅLET MED PLANARBEIDET er knyttet til maritim virksomhet rundt evja. Vår atkomst til området må dermed muliggjøre dette Gangvei i 3m bredde (!!!) videreført til arealene på nordøstsida av Koppers-evja. Vi ser det som helt uaktuelt med offentlig gangvei på dette vårt næringsområde, ei heller "tursti langs strandlinja. Turstier, både langs sjøen og for øvrig, er det vel tilstrekkelig av i utmark på Fedje der det er ønskelig. For øvrig reguleres vel ferdsel langs bl.a. strandlinja av Friluftsløven. 	<ol style="list-style-type: none"> Tatt til følge. Tilkomst-retter ikkje planlagt endra. Delvis til følge. Primærformålet med tilrettelegging for Maritim verksemd støttes, men utan næringsverksemd til utbygging av båtplassar. Ikkje tatt til følge. Viktig å sikre tilkomst gjennom området og langs strandlina for almen bruk. Området har ikkje tidlegare vore i bruk til næringsverksemd

2

Gbnr 168/15+347

Roy Asle Tunland
 5947 Fedje
 E: roasle@online.no

Dato: 29.02.2020



1. Forslaget har tatt utgangspunkt i kommunen/forslagsstillar sitt ønske om gangveg over eigedommen presentert på møte 22. november, samt påfølgande samtale med Artec om gangveg/fortau langs fylkesvegen, forslaga er også teikna inn på vedlagt situasjonskart.
2. Området er i hovudsak avsett til konsentrert småhusbusetnad i form av kjedehus, rekkehus, tomannsbustadar eller leilegheitsbygg, med tilhøyrande tilkomstveg og gjesteparkering. Det er også ønskeleg å gjenreise låvebygg på eksisterande steinmurar og bruke denne til verkstad/salslokale/workshop knytt til Eide Glass.
3. Det er vidare sett av eit leikeområde der det kan setjast opp enkle leikestativ og benker, samt eit område for ballspel, for eksempel strandvolleyballbane.
4. Området legg i hovudsak til rette for enkle og lettstelte bueiningar sentralt på Fedje, med kort avstand til butikk, ferje m.m. Det er vidare ønskeleg at einingane skal innehalde rom/hybel for utleige med tanke på å kunne tilby kurs, workshop og møteverksemd, anten i bedehuset eller hjå Eide Glass.


1. **Tatt til følge.** Viktig å sikre areal til gangveier og fortau langs og gjennom området.
2. **Delvis tatt til følge.** Men det tas også omsyn i forslaget til behov for å avgrense omfang og høgder på bygg nær kyrkja, samt sikre openheit og sikt linjer frå fylkesvegen mot fellesareal og mot Koppersevja, slik at ikkje desse områdene lukkes inne
3. **Tatt til følge.** Areal til leik, ballspel, opphald og ferdsel søkt ivaretatt.
4. **Delvis tatt til følge.** Men avgrensa areal messig av same omsyn som under pkt 2.

3

**Gbnr 168/37+164
Hillestad-Aalgard**

Per Edvard Hillestad
per@meng.no

Per Børge Hillestad og Kristin
Aalgaard
Sandnes,
28. februar 2020



1. I pakt med invitasjonen til å gjera framlegg om tiltak gjort i møta, gjentek vi at vi ønskjer å ha høve til å byggja to hytter på eigedomen i tillegg til eit supplerande naust. Hyttene og nauset har fått ei førebels plassering på vedlagte kart. Dimensjonering og endeleg plassering vert å koma attende til.
2. Ovannemnde framlegg er planar som vi har for etablering av eit retreatsenter på eigedomen som vi har ynskje om. Dette inneber at vi tenkjer næring, og at det vert teke høgde for at eigedomen kan få endra farge i kommuneplanen til næringsføremål.
3. Det supplerande bnr. 164 som er ein del av tomta mogeleggjjer eigna parkeringstilhøve for ei slik arealutnytting på området.
4. Når det gjeld den innteikna gangvegen gjennom området er det i møta understreka plassering i strandsona, jamvel utanfor nausta om mogeleg. I plandokumentet er det peika på "turstiar i strandsona."
Den innteikna vegen gjer vi framlegg om vert flytta nærare strandsona i pakt med det som er uttalt og skrive, og vidare i betre avstand frå eksisterande bustadhus. Jfr. vedlagte kartskisse. Dette vil gjeva oss betre arealutnytting av tomta, noko som er viktig for oss - eigedomen vart som kjent monaleg redusert i høve det vi venta ved kjøpet.

1. **Delvis tatt til følge.** Planforslaget opnar for å før opp bustad(er) nord for gangvegen og plassering av nytt naust. For nauset må historiske omsyn ivaretakast for plassering, storleik mv.
2. **Delvis tatt til følge.** Men utan å gjere området om til næring.
3. **Delvis tatt til følge.** Men arealet tas med som del av bustadområdet, utan spesifikt å angi dette til parkeringsformål.
4. **Delvis tatt til følge.** Plassering av tilkomst og gangveg søkt optimalisert mellom anna av omsyn til universell utforming og framtidig bruk også av andre tilstøytane areal.

1	<p><u>Høringsinstanser:</u></p> <p>Bergen Havn Vår dato: 21. januar 2020 Vår ref.: 2020/02974-2 Saksbehandler: Hanne Gunnarskog</p>	<p>1. Viktig at det settes av tilstrekkelig areal til alminnelig ferdsel til sjøs. Generelt er vi av den oppfatning at det ikke bør settes av større arealer i sjø til enkeltinteresser enn det som er nødvendig. På dette stadiet i planarbeidet kan vi ikke se at planene vil komme i konflikt med de interesser som vi er satt til å ivareta.</p> <p>2. Vi minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller ferdselen i sjøområdet krever tillatelse fra BF IKS, jf. hfl. § 14, første ledd. En orientering om denne søknadsplikten bør etter vår vurdering inntas i reguleringsbestemmelsene. Det er ikke tilstrekkelig at tiltaket er vist i planen. Søknad må sendes hertil i god tid før tiltak iverksettes.</p>	<p>1. Delvis tatt til følge. Planforslaget tek omsyn til ei optimalisering av interessene til den einskilde kringom Koppersevja.</p> <p>2. Tatt til følge. Tas med i bestemmelsene at «tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheita eller ferdselen i sjøområdet krev godkjenning frå BF IKS, jf. Hfl. § 14, første ledd»</p>
2	<p><u>Fiskarlaget Vest</u></p> <p>Bergen 29.02.20</p> <p>Ref: 215/20/EKE/5.7.1.3</p> <p>Sakshandsamar Eirin Kongestøl Espeland</p>	<p>1.</p> <p>Koppersevja Det blir varsla om utdjujing og mudring for å betre innsegling til Koppersevja.</p> <p>Det er ikkje registrert fiskeriinteresser i området, men det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps. I tillegg har ein fått opplyst at det i tidlegare har vore fiske etter ål (no raudlista) i området.</p> <p>Fiskarlaget Vest har ikkje merknader til planen under føresetnad at det blir tatt omsyn til det marine liv. Forureining frå området må difor avgrensast mest mogeleg. Ved mudring og utdjujing må arbeidet gjennomførast på ein måte som hindrar mest mogeleg partikkelspreiing. Ein må nytte avbøtande tiltak for å hindre spreieing av eventuelle forureina massar. Reine massar bør nyttast til samfunnsnyttige føremål.</p> <p>Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdømme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.</p>	<p>1. Tatt til følge. Jfr kommentar til pkt 2 i merknad frå Bergen Havn. I tillegg vil Forureiningslova gjelde. Gjennom spesifikk søknad frå tiltakshavar må aktuelle omsyn ivaretakast og godkjennast.</p>
3	<p><u>Fiskeridirektoratet</u> Adm eining: Kyst- og havbruksseksjonen i Region Vest Sakshandsamar: Ina Giil Solheim</p> <p>Dato 6.3.20 referanse: 20/3524</p>	<p>1. Det er ikkje registrert fiskeriinteresser i planområdet, men det er registrert viktige større kamskjelførekomstar i nærleiken. Vi vil også gjere merksam på akvakulturlokalitetane 11772 Moldøyosen og 11771 Grisholmsundet, som ligg 1,3-1,8 km frå området som skal mudrast. Ein må sjå til at partiklar frå mudringsarbeidet ikkje kjem i konflikt med fisk som står i oppdrettsanlegga. Generelt ber vi om at mudringsarbeid vert utført på den tida av året då det marine livet i strandsona er mest i ro, det vil seie i tidsrommet frå oktober til april.</p>	<p>1. Tatt til følge. Jfr kommentar til pkt 2 i merknad frå Bergen Havn. I tillegg vil Forureiningslova gjelde. Gjennom spesifikk søknad frå tiltakshavar må aktuelle omsyn ivaretakast og godkjennast</p>

4	<p>Fylkesmannen i Vestland – fråsegn 25-2-20 til oppstartmelding</p> <p>Sakshandsamar Hege Brekke Hellesøe ref: 2020/630</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen gjer ei grundig vurdering av om planarbeidet er i samsvar med overordna plan. Er planforslaget ikkje i samsvar med arealdelen av kommuneplanen, må kommunen vurdere planarbeidet etter forskrift om konsekvensutgreiing av planar. 2. Etter det vi kan sjå vil strandsoner, friluftsliv og verknaden på barn og unge sine interesser vere sentrale tema i planarbeidet. Sjølv om kommuneplanen er sett til bygningar og anlegg og byggjegransa mot sjø er sett i sjøkanten, må ein i planarbeidet ta omsyn til strandsoneverdiane i området. Vi viser til føresegn 2.1.6 i kommuneplanen sin arealdel der det står: <i>«Ved utarbeiding av reguleringsplan for framtidige byggeområde innanfor 100-metersbeltet skal ny byggjegransa fastsetjast i plan. Tiltak i den funksjonelle strandsona skal sikre ålmenn tilkomst fram til og langs sjøen. Heimel: pbl §§ 1-8 3.ledd og 11-9 nr. 5.»</i> 3. I oppstartsmeldinga står det mellom anna at det vert vurdert både naust og hyttenaust i planområdet. Særleg hyttenaust vil føre til uheldig privatisering av strandsona og vi vil allereie no signalisere at Fylkesmannen vil vere skeptisk til ei slik privatisering. Naust er noko mindre privatiserande enn hyttenaust, men også dei vil privatisere og legge beslag på strandareal. 4. I oppstartsmeldinga står det at primærformålet med planarbeidet er å få større djupne og djupare innsegling til Koppersevja. Planen skal gjere det mogleg å utdjupa innløpet og mudre sjølve evja. Vi viser til kart- og planforskrifta § 9 der det mellom anna står at arealplanar som omfattar fleire geografiske samanfallande vertikalområde, skal ha separate kartutsnitt for kvart nivå når dette er naudsynt for å sikre at planen er eintydig og enkel og forstå. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tatt til følge. Ein ser ikkje behov for konsekvensutgreiing. 2. Tatt til følge. Omsyn til strandsoneverdi, friluftsliv og verknaden på barn og unge sine interesser ser ein ivaretatt i tråd med KPA §2.1.6 og ålmenn tilkomst fram til og langs sjøen ser ein sikra i et tilstrekkeleg omfang gjennom planforslaget 3. Delvis tatt til følge. På Fedje nyttast en stor del av bygga til fritidsbustader, og delvis også til utleige. Det er gjennom årene etablert en gjensidig og tenleg forståing for slikt blanda formål, og følgeleg ikkje naturleg med separasjon til rene bo- og fritids-formål. Tilrettelegging for å kunne drive utleige som sekundærnæring vurderast forsvarleg og tenleg, og er medverkande til å få optimal sosial kontroll. 4. Tatt til følge. Separat kartutsnitt syner kva djupne som kan tillast.
---	---	---	---

		<p>5. Om ein tenker å utvide innløpet må ein vurdere strandsoneinteressene, særleg landskap og friluftsliv. Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.</p> <p>6. Fylkesmannen minner elles om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl) § 6-2 andre ledd.</p> <p>Medverknad</p> <p>7. Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.</p> <p>8. På nettsida http://www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.</p> <p>9. For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Fylkesmannen gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.</p>	<p>5. Tatt til følge. Strandsoneinteressene mot landskap og friluftsliv ivaretatt. Jfr planomtalen med utdjuping av dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. (Tydeleggjerast i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12).</p> <p>6. Tatt til følge. Dei statlege planretningslinjene er tatt til følge.</p> <p>7. Tatt til følge. Generelle krav teke omsyn til. Like så spesielle omsyn etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.</p> <p>8. Tatt til følge. Følges opp også i den vidare prosess.</p> <p>9. Tatt til følge. FM kan inviterast til et møte med synfaring for felles gjennomgang av planforslaget. Men planforslaget er neppe på nokon måte vesentleg for verken regionale eller nasjonale interesser.</p>
5	<p>Kystverket Vest</p> <p>Ref: 2020/130-2 Sakshandsamar: Lene Røkke Mathisen</p>	<p>1. Kystverket ser på det som positivt at kommunen ynskjer å betre innseglingsforholda i området. Det er registrert sjøkablar i området som må takast omsyn til i det vidare planarbeidet, sjå Kystinfo https://kart.kystverket.no/. Me gjer merksam på at det kan finnast kablar og leidningar som ikkje er avmerka i kart så det er viktig å gjere undersøkingar av dette i forkant av eventuell mudring.</p>	<p>1. Tatt til følge. Sjøkablar som er registrert vurderast kan bestå, men det må ved kvart einskild tiltak i området vurderast om plassering av røyr og kablar kan bestå, eller må endrast. Eigar av røyr og kablar må ivareta forsvarleg og omsynsfull plassering.</p>

		<p>2. Vidare minnar me om at alle tiltak i sjø er søknadsppliktige etter hamne og farvasslova. Det er Bergen og Omland Havnevesen som er mynde i denne saka. Me ber om at dette vert tatt inn i føresegnene.</p> <p>Kystverket har ingen vidare merknader til oppstartsmeldinga</p>	<p>2. Tatt til følge. Jfr kommentar til pkt 2 i merknad frå Bergen Havn. I tillegg vil Forureiningslova gjelde. Gjennom spesifikk søknad frå tiltakshavar må aktuelle omsyn ivaretakast og godkjennast</p>
6	<p><u>Vestland fylkeskommune</u> Strategisk utvikling og digitalisering SUD – Plan, klima og folkehelse</p> <p>Ref 2020/35484-9 Dato 20.03.2020</p> <p>Søksøksamarar: Nina Gjester Hoel, Seksjon for Plan, klima og folkehelse, Stabsavdeling for strategisk utvikling Helene Moe, Seksjon for Kulturarv, Avdeling for kultur, idrett og inkludering Jostein Aksdal, Seksjon for Kulturarv, Avdeling for kultur, idrett og inkludering Gunnhild Røddum, Avdeling for mobilitet og kollektivtransport Kari Elster Moen, Seksjon for Forvaltning Bergen, Avdeling for infrastruktur og veg</p>	<p>1. <u>Landskap</u> All utbygging har verknader på landskapet. Vi minner om at planområdet ligg innfor det landskaps-området med registrert kystheilandskap og skjærgårdslandskap, ref. Fylkesatlas.no. Det er viktig at nye byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene. Vi ber om at det vert teke omsyn til landskap og terreng i planarbeidet.</p> <p>2. <u>Friluftsliv</u> I planområdet ligg eit svært viktig friluftsområdet som er brukt som akebakke, i følge kommunens eigne registreringar på Fylkesatlas.no. Det er viktig at planlegginga sikrar grøntstruktur, samt ålmenn ferdsel og tilgjenge.</p> <p>3. <u>Strandsone</u> Nærleik, tilkomst og utsikt til sjø er eit gode og ein attraksjon kommunen. Strandsona er ein avgrensa ressurs der det er viktig at omsynet til ålmenn tilgjenge vektleggast sterkt. Dette kjem fram av både plan og bygningslova §1-8, dei nasjonale retningslinjene for forvaltning av strandsona og dei areal-politiske retningslinjene i fylkesplan for Hordaland. Regional kystsonesoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger, som vart vedteken 04.10.2017, kan vere verd å sjå til i dette planarbeidet. Planen har mål som gjev at strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur -og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. I strandsona er det viktig å ivareta ålmenne interesser og hindre</p>	<p>1. Tatt til følge. Det tas med i bestemmelsene at nye byggjetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene, og at det vert teke omsyn til landskap og terreng i planarbeidet.</p> <p>2. Tatt til følge. Deler av området avsett til leik og fellesareal med park-opparbeiding. Grøn struktur, samt ålmenn ferdsel og tilgjenge er høgt prioritert i planforslaget. Aktuell akebakke ligg like utanfor planområdet</p> <p>3. Delvis tatt til følge. Planforslaget legg til rette for både betre og ålmenn tilgjenge til strandsona i tråd med både nasjonale og lokale ønsker og retningslinjer. Målsetnaden om god balanse mellom bruk og vern er det innført strengare reglar for strandsona i plandelen av plan- og bygningslova (§1-8).</p> <p>Planforslaget tek i vare både behov og ønske om fortetting samtidig som det opnar for ålmenn tilgjenge til strandsona.</p> <p>Byggegrenser viser på planforslaget.</p> <p>Området inviterer til vidareføring av stedleg lokal variasjon for bygningane med omsyn til form, farge,</p>

	<p>uheldig utbygging. Vi ber om at reguleringsplanen skildrar korleis nye tiltak har verknad på tilgjenga til strandsona.</p> <p>For å oppnå målsetnaden om god balanse mellom bruk og vern er det innført strengare reglar for strandsona i plandelen av plan- og bygningslova (§1-8). Byggeforbodet i 100-metersbeltet er nedfelt i § 1-8. Forbodet er innskjerpa i forhold til tidlegare lov, og gjeld så lenge det ikkje er fastsett anna byggegrense. Lova stiller som krav at det skal takast særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Vurdering av nye tiltak skal alltid veies mot disse ålmenne omsyna. Dette inneber at det skal leggest større vekt på desse omsyna i strandsona enn andre stader.</p> <p>Utbygging bør vere forankra i overordna planar og så langt råd lokalisert til område som er utbygd frå før av, slik at ein unngår bygging i urørde område med spesielle kvalitetar. Eventuell utbygging skal alltid vurderast i høve til andre ålmenne interesser. Ein bør ikkje opne for utbygging i område som har spesiell verdi for friluftsliv og ålmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturminne, kulturmiljø og landskap. Tilhøvet til andre interesser som fiske, landbruk, oppdrett m.m. må vurderast. Om ein opnar for utbygging, må omsynet til andre interesser ivaretakast best mogleg. Vi minner om at dersom det ikkje er sett byggjegranser, ligg det ikkje føre heimel for utbygging sjølv om gamal plan har eit føremål som opnar for utbygging.</p> <p>Det generelle byggjeforbodet i 100-metersbeltet gjeld alle typar bygningar. Det er likevel gjeve opning i dei statlege planretningslinene for differensiert forvaltning i strandsona for fritidsfiske gjennom å tillata oppføring av naust og brygge. Naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiske-reiskap. Naust har ikkje den same ferdselshindrande verknaden som bustader og fritidsbustader, ålmenta vil som regel kunne ferdist ved naust etter reglane i friluftlova. For å sikre friluftinteressene det vere vilkår om at utbygging av naustområde skal ta omsyn til friluftinteressene, mellom anna ved at badeplassar, stiar</p>	<p>materialbruk, og slik at einsformig klynge vert unngått.</p> <p>Utbygging iht planen ses å vere forankra i overordna planar og så langt råd, og lokalisert til område som er utbygd frå før av. Ny utbygging som planforslaget opnar for, er vurdert og utan å gå utover andre ålmenne interesser.</p> <p>Det er vurdert at en felles småbåthamn for Koppersevja ikkje vil verte eit mindre arealkrevjande og betre alternativ enn at kvar båteigarar skal kunne ha sitt eige naust.</p> <p>Knytt til lokale tilhøve og tradisjon ligg det her til rette for noko utfylling på stader der grunnforholda ligg til rette for det, saman med individuell tilpassing. På plankartetet går grense for både ferdsel og tiltaks/bygglinje fram. Mellom desse grenselinene er eit areal avsett til eksempelvis fortøying av båtar, då under omsyn til at det skal vera djupne nok for å unngå skade på båtane.</p>
--	---	---

og tilkomstvegar til sjøen ikkje skal byggast ned. Tilkomst frå sjø med båt skal også ivaretakast, og ikkje hindrast gjennom nedbygging av strandsona.

Det er viktig å ha **eit klårt skilje mellom naust og fritidsbustader/bustader**. Nausta må ha eit volum og ei utforming som er naturleg i høve til det føremålet nausta skal stette. Dette inneber mellom anna at nausta ikkje må få preg av å vere ein fritidsbustad. I dei fleste tilhøve vil det vere tilstrekkeleg med berre ei høgd og eit enkelt loft på naustet. For å unngå at naust vert nytta som fritidsbustad eller bustad er storleik og utforming avgjerande. Dette gjeld uavhengig av storleik på eksisterande sjøhus i området. Balkongar og store sjøvende vindauge vert framandelement på eit bygg som skal nyttast til oppbevaring av båt og tilhøyrande utstyr.

Ved etablering av nye naustområde bør nausta plasserast i klynger med god tilkomst for ålmenta mellom naustgruppene. For å unngå for mange like einingar, bør bygningane varierast i form, farge, materialbruk. Det er definert maksimum storleik for naust i retningslinene i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Avvik frå storleikskravet kan vurderast for til dømes fellesbygningar som er planlagt som ein del av eit heilskapleg naustområde. Det er viktig at naust har god tilpassing til landskap og bidreg til vidareutvikling av den lokale byggjeskikken for naust. For å skåne landskapet bør det ikkje fyllast ut i sjø, og farge- og materialval bør vere i tråd med lokal byggeskikk.

Nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, i alle høve ikkje innanfor område kartlagt med strandsoneverdiar og definert som funksjonell strandsona. Utbygging av fritidsbustader og naust privatiserer og stykkar opp strandsona, og ei felles småbåthamn kan i mange tilfelle vere eit mindre arealkrevande og betre alternativ enn at alle båteigarar skal få eige naust.

4. **Samferdsel**

Vi er positiv til at det vert regulert fortau på strekninga langs sjukeheimen, og viser til at det pågår arbeid for utviding av vegen her i regi av fylkeskommunen. Det er viktig at tilkomst til eventuelle hytter, naust og parkering går via eksisterande tilkomstvegar til fylkesveg, og at det ikkje vert etablert nye avkøyrslar direkte til fylkesvegen. Løysingar som blir valde for gangveg, parkering og tilkomstveg må vere trafikksikre og i samsvar med tekniske krav. Vi minner også om byggjegransa langs veg, som i Fedje kommune er 15 meter frå fylkesveg.

Vi ber om at de tar kontakt med avdeling for infrastruktur og veg for å få inn opplysningar om vegtiltaket som er under bygging på staden, slik at riktige data kjem med i reguleringsplankartet. Kontaktperson er Inge-André Håkull, han kan kontaktast på telefon 47802877 eller e-post inge-andre.hakull@vlfk.no.

5. **Kulturmiljø og kulturminne**

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vestland fylkeskommune ber om at kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Vestland fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Rett utanfor den noverande plangrensa ligg **Fedje kyrkjestad (Askeladden ID 84120), som mellom anna inkluderer eit fjerna kyrkjebygg frå mellomalderen**. Vi gjer merksam på at ein mellomalder-kyrkjestad vert definert som ein stad der det er, eller har vore, ei kyrkje eller kyrkjegard med opphav i mellomalderen, og at kyrkjestaden omfattar heile området som har vore brukt til kyrkjeleg føremål. Vi gjer vidare merksam på at det i kulturminnedatabasen Askeladden er nokre mellomalderkyrkjестader som er registrert med vernestatus «uavklart», og at dette er blant fleire kjende feil og manglar i databasen. Vernestatus for

4. **Tatt til følge.** Planen baserer seg på at eksisterande avkøyrslar vert nytta vidare, og fortau langs Fv v/fylkesvegen vert lagt i tråd med dei planane som nå er under realisering. Byggegrense 15 meter iht gjeldande KPA. Innafor byggegrense til veg er medteke parkeringsareal som ikkje hindrar sikt eller andre omsyn til vegane.

5. **Tatt til følge.** Nyleg oppdatert kulturminnerapport for Fedje synleggjer areal og bygningar som kan ha historisk interesse og som krev omsyn. Aktuelt å leggje tiltak med veg og fortau noko lengre mot sør, og då utanfor mogleg gravminne. Planområdet er difor noko redusert på aktuell stad i forhold til oppstartvarsla, slik at mogleg gravminne ikkje vert rørt av planforslaget.

(Om det framleis er aktuelt med synfaring av planområdet for å ta stilling til ei arkeologisk registrering i planområdet avklarast)

kyrkjestader frå mellomalderen skal i følge Riksantikvaren sine retningsliner alltid vere «automatisk freda».

Innafor det noverande planområdet er det fleire bygningar som i følge SEFRAK-registeret er eldre enn 1850, og dermed meldepliktige etter kulturminnelova § 25. Vi ber elles om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Tilhøvet til automatisk freda kulturminne.

Avgrensinga av planområdet ligg delvis inne på området der det er vist til at det tidlegare har vore gravminne. Ut i frå opplysningar Johan Vibe kom med i 1896, skal det ha lagt gravminne i området rundt kyrkja. Plasseringa er i dag ikkje kjent.

Vestland fylkeskommune vil varsle ei synfaring av planområdet for å ta stilling til ei arkeologisk registrering i planområdet.

Tilhøvet til marine kulturminne

Bergens Sjøfartsmuseum kjem i e-post 25.02.2020 med ei tilbakemelding på at dei ikkje kjenner til automatisk freda marine kulturminne.


Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Koppersveja, gbnr. 168/20, m.fl. Fedje kommune som kan bli direkte råka av den omsøkte reguleringa. Området litt i nærleiken av ein tidligare handelsstad på Kremmarholmen på Fedje, men har avgrensa tilkomst grunna grunt vatn.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde reguleringsarbeidet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. **Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.** Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i

Fedje - Fetts NB / Gravfelt

Lagt inn av:	Kategori:	Vernestatus:	Datering:	Beliggenhet:
Universitetsmuseet i Bergen	Arkeologisk minne	Fjernet (aut. fredet)	Jernalder	Fedje, Vestland



		<p>strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.</p> <p>Vestland fylkeskommune varslar ei synfaring i planområdet for å avklare potensial for arkeologiske kulturminne. Ut over dette har me ikkje merknader i høve kulturminne på noverande trinn i planprosessen.</p> <p>Oppsummering: Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på strandsone, samferdsel, kulturmiljø og kulturminne. Vi understrekar viktigheita av å skilje mellom hytter og naust, og å ta omsyn til strandsona i planlegginga. På tema samferdsel er det viktig at løysingar som blir valde for gangveg, parkering og tilkomstveg må vere trafikksikre og i samsvar med tekniske krav. Vi minner også om byggjegrensa langs veg, som i Fedje kommune er 15 meter frå fylkesveg.</p> <p>Fylkeskommunen vil ta ei synfaring i planområdet for å avklare potensial for arkeologiske kulturminne. Av kulturminne frå nyare tid i planområdet er Fedje kyrkjestad, som automatisk freda kulturminne, samt fleire bygningar som i følgje SEFRAK-registeret er eldre enn 1850, og dermed meldepiktige etter kulturminnelova § 25. Vi ber elles om at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.</p>	
7			

Merknadskart pr.24.4.20:

